

NAVF'S

UTREDNINGSINSTITUTT

NORGES
ALMENVITENSKAPELIGE
FORSKNINGSRÅD

1977: 3

Utgreiingar om forskning
og høgre utdanning

Norske studentar og kandidatar i 1976

Norwegian Students and
Graduates in 1976

INSTITUTE FOR STUDIES IN RESEARCH
AND HIGHER EDUCATION

The Norwegian Research Council
for Science and the Humanities

1977: 3

Utgreiingar om forskning
og høgre utdanning

Norske studentar og kandidatar i 1976

Norwegian Students and
Graduates in 1976

F O R O R D

Denne meldinga legg fram statistikk over norske studentar ved universitet og vitskapelege høgskolar i tida 1960-1976. Her er oppgåver over det samla talet på studentar etter fagstudium og kjønn, og tilsvarande opplysningar om tilstrøyminga av nye studentar. Meldinga inneheld óg statistikk over uteksaminerte kandidatar etter fagområde og kjønn. Dessutan er det tatt med oversyn over talet på studentar ved distriktshøgskolane etter studieretning, lærestad og kjønn.

Arbeidet med å samla inn opplysningane og å redigera publikasjonen er gjort av Tone Holter Andersen.

Oslo, juli 1977

NAVF's utredningsinstitutt

Sigmund Vangsnes

I N N H O L D

	Side
SAMANDRAG	7
1. TILGANG PÅ NYE STUDENTAR	11
A. Tilgang til universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg og utlandet	11
B. Studiefrekvensar	15
C. Alderen til studentane	16
2. NORSKE STUDENTAR I ALT	17
A. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg	17
B. Studium i utlandet	24
C. Talet på norske studentar i alt	25
3. KANDIDATAR UTEKSAMINERT FRÅ UNIVERSITET OG VITSKAPELEGE HØGSKOLAR	27
4. KVINNELEGE STUDENTAR	30
A. Tilgang på nye studentar	30
B. Kvinnelege studentar i alt	31
C. Uteksaminerte kvinnelege kandidatar	33
5. STUDENTAR VED DISTRIKTSHØGSKOLANE	35
A. Tilgang på nye studentar	35
B. Samla studenttal	37
SUMMARY IN ENGLISH	41

SAMANDRAG

Talet på nye studentar ved universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg i 1976 var omlag 9.600, dette er omlag 330 færre enn året før. Av di heile 39 prosent av dei nye studentane i 1976 ikkje hadde meldt frå om kva studium dei ville ta til med, er det ikkje råd å trekkja endelege slutningar om korleis studenttilgangen var delt på fagområde. Av dei som hadde meldt frå om studieval var det færre som hadde tenkt å studera filologi enn på mange år. Jamført med dei tre førre åra var det og nedgang i talet på dei som hadde tenkt å studera samfunnsvitskapelege fag.

Talet på studentar som var innskrivne ved norske universitet og vitskapelege høgskolar hausten 1976 var 40.160 - 125 færre enn året før. Det er første gongen på omlag 25 år at talet på registrerte studentar i Noreg har minka. Det var i første rekkje talet på filologistudentar som var lågare enn på mange år, medan dei fleste andre fagområde framleis hadde ein liten auke i studenttalet jamført med haustsemesteret 1975. Ein kan ikkje sjå bort frå at dei vanskelege arbeidsmarknadstilhøva for filologar, som alt no er merkande, og dei heller dystre prognosene med omsyn til framtidsutsiktene for filologar kan ha verka inn både på tilgangen til studiet og på fråfallet frå det.

Nær halvdelen av studentane studerte ved Universitetet i Oslo (19.963). I Oslo-regionen med lærestadene: Universitetet, Arkitekthøgskolen, Menighetsfakultetet, Veterinærhøgskolen, Landbrukshøgskolen og Idrettshøgskolen var det 22.540 studentar, dvs. 56 prosent av alle studentane i landet. I Bergen - ved Universitetet og Norges Handelshøyskole var det 8.950 studentar, eller vel 22 prosent, ved Universitetet i Trondheim var det omlag 7.300 studentar, eller 18 prosent og ved Universitetet i Tromsø var det 1.371 studentar, dvs. 3.4 prosent av studentane ved norske universitet og vitskapelege høgskolar.

Av fagområde er det framleis historisk-filosofiske fag som har flest studentar jamvel om prosentdelen har gått ned noko på det siste ti-året. Omlag 24 prosent av studentane ved akademiske lærestader i Noreg hausten 1976 studerte historisk-filosofiske fag, mot nær 33 prosent i 1966.

I samfunnsvitskapelege fag auka studenttalet sterkt gjennom 1960-åra og fram til 1971, då vel 20 prosent av studentane i Noreg studerte slike fag (studentane ved Norges Handelshøyskole er då medrekna). Seinare har prosentdelen minka noko att, men dette fagområde er framleis det nest største når det gjeld tal på studentar - med nær 18 prosent. Talet på juridiske studentar har auka jamnt frå snautt 7 til 11 prosent av studentane i den same perioden, medan prosentdelen ved matematisk-naturvitskapelege studium har minka frå nær 20 til snautt 13 prosent og ved sivilingeniørstudiet frå 12 til vel 9 prosent.

I 1976 vart det uteksaminert nær 4.800 kandidatar ved universitet og vit-skapelege høgskolar i Noreg, og vel 600 norske kandidatar ved utanlandske lærestader - i faga: medisin, odontologi, veterinærmedisin, ingeniørfag, arkitektfag og handelsfag. Det samla kandidatkullet i 1976 var då på omlag 5.400 kandidatar, mot berre vel 2.800 ti år tidlegare.

Av kandidatane som vart uteksaminerte i 1976 var 23-24 prosent filologar (cand.philol., mag.art. og cand.mag.). Vel 15 prosent av kandidatane var sivilingeniørar, snautt 15 prosent realistar (cand.real., mag.scient. og cand.mag.) og snautt 11 prosent var uteksaminerte ved samfunnsvitenskapelige fakultet. Nær 9 prosent av kandidatkullet var siviløkonomar, 8 prosent var juristar og vel 7 prosent var medisinarar.

I 1976 byrja vel 4.200 kvinner å studera ved universitet og vitenskapelige høgskolar i Noreg, dvs. at nær 45 prosent av dei nye studentane var kvinner.

Talet på kvinnelege studentar i Noreg i alt var hausten 1976 vel 14.600, dvs. 36 prosent av alle studentane i landet. Prosentdelen ti år tidlegare var 22. I 1966 studerte 61 prosent av kvinnene filologi, i 1976 hadde prosentdelen minka til omlag 36. Auken i det relative talet på kvinnelege studentar fall særleg på samfunnsvitenskapelige fag som på tiåret auka sin del av dei kvinnelege studentane frå vel 9 til nær 18 prosent og jus som auka sin del frå 3 til 9 prosent av kvinnene.

I mest alle studium har det vore ein jamnt aukande del kvinner det siste tiåret. Auken er særleg tydeleg for nokre av dei tradisjonelt mannsdominerte studium: veterinærmedisin, der 32.2 prosent av studentane hausten 1976 var kvinner, mot 11.2 prosent i 1966; landbruksfag, der prosentdelen kvinner auka frå 6.8 til 18.3 på same tida; jus, der prosentdelen kvinner auka frå 9.6 til 28.7 og ved Norges Handelshøyskole auka prosentdelen kvinnelege studentar frå 2.8 til 12.2. Dessutan var vel 42 prosent av studentane kvinner i dei andre samfunnsvitenskapelige studium hausten 1976, mot 23 prosent ti år før.

Det vart uteksaminert omlag 1.170 kvinner ved norske akademiske lærestader i 1976, og vel 50 norske kvinner i utlandet; dvs. at omlag 22 prosent av kandidatkullet var kvinner. Litt over 600 - vel halvparten av dei kvinnene som var uteksaminerte i 1976 var filologar, omlag 13 prosent av kvinnene tok eksamen i samfunnsvitenskapelige fag (inklusive siviløkonomi) og snautt 12 prosent var realistar.

Dei nye studentane har gjennomgåande vorte eldre dei seinare åra. Talet på nye studentar som var 25 år eller eldre auka frå 14 prosent av tilgangen i 1968 til 24 prosent av tilgangen i 1974. Av dei nye studentane i 1973 var 14 prosent av kvinnene 30 år eller eldre, mot berre 8 prosent av mennene. (Oppgåver over kjønn og alder for nye studentar ligg ikkje føre for seinare år enn 1973.)

Ved dei åtte distriktshøgskolane i landet byrja 2.210 studentar å studera hausten 1976. Det samla talet på studentar ved distriktshøgskolane var då kome opp i 3.569. Det er økonomisk/administrativ studieretning som har den største prosentdelen av studentane - slik det og har vore i alle dei åra distriktshøgskolane har funnest - 29.6 prosent av studentane hausten 1976. Men samfunnsfaglege og humanistisk/estetiske studieretningar har fått relativt fleir og fleir av studentane ved distriktshøgskolane dei seinare åra. Hausten 1976 studerte nær 18 prosent av distriktshøgskolestudentane samfunnsfag og 15 prosent filologiske og humanistisk/estetiske fag. Elles har prosentdelen minka litt for studieretningane media og natur- og miljøvern, og for dei andre studieretningane har det relative talet på studentar svinga noko sidan 1972. Snautt 30 prosent av studentane ved distriktshøgskolane var kvinner. Det er såleis relativt færre kvinnelege studentar ved distriktshøgskolane enn ved universiteta og dei vitskapelege høgskolane (36 prosent).

1. TILGANG PÅ NYE STUDENTAR

A. Tilgang til universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg og utlandet

Tabell 1 syner at talet på nye studentar i 1976¹⁾ var omlag 330 - eller 3.3 prosent - lågare enn året før. Frå 1960 til 1975 auka den årlege tilstrøyminga av nye studentar med omlag 240 prosent. Det er første gongen på ti år at det er registrert nedgang i talet på nye studentar. Jamført med tilgangen til dei ulike studium desse åra, ser det ut til at nedgangen i hovudsak fell på tilgangen til filologistudiet.

Ein del av studentane er, når dei melder seg til immatrikulering, uvisse på kva studium dei vil velja. Denne delen har auka mest kvart år sidan 1960. I 1960 var det berre 1.5 prosent av dei nye studentane som var uvisse om val av studium, i 1976 var denne delen kome opp i 39.1 prosent.

Det årlege opptaket ved dei studium som tradisjonelt har vore "lukka studium": farmasi, medisin, ernæring, odontologi, veterinærmedisin, landbruksfag, ingeniørfag, arkitektfag, idrettsfag og studium ved Norges Handelshøyskole auka med 54 prosent på det siste tiåret - frå 1966 til 1976 - medan talet på nye studentar i alt var 68.2 prosent høgre i 1976 enn ti år tidlegare. Auken i talet på studieplassar i dei tradisjonelt "lukka studium" har såleis vore relativt mindre enn auken i tilstrøyminga til dei andre, tradisjonelt "åpne studium". I auken av studieplassar i den førstnemde gruppa er dessutan etablering av revisorfag og idrettsfag som akademiske "lukka studium" medrekna.

1) Tala for tilgang på nye studentar i tabell 1 byggjer på oppgåver over opptaket ved lærestadene i faga: farmasi, medisin, odontologi, veterinærmedisin, landbruksfag, ingeniørfag, arkitektfag, siviløkonomi, revisorfag, fiskerifag, ernæringsfag og idrettsfag. For dei andre studia har det vore vanskeleg å koma fram til akkurat kor mange studentar som tok til å studera kvart år. Ulike kriterium for mål på tilgangen til universiteta i Oslo og Bergen har vore drøfta, og ein er kome fram til at det beste mål ein kan skaffa nokolunde snøgt er immatrikuleringsstatistikken, som er delt inn etter studentane sine studieintensjonar. Det er såleis tal frå immatrikuleringsstatistikken frå universiteta i Oslo og Bergen som er kjelda for talet på nye studentar i dei faga som ikkje er nemnde ovafor. For Universitetet i Tromsø er det nye studentar som ikkje tidlegare har vore registrerte ved ein annan akademisk lærestad, og for Universitetet i Trondheim - Noregs Lærarhøgskule - er det studentar som er tatt opp og har byrja å studere. Ein gjer merksam på at ulempa med immatrikuleringsstatistikken er at dei studentane som melder at dei har tenkt å studera ikkje fortel kva tid dei tenkjer å byrja. Opplysningane om studieintensjonar er dessutan ikkje nokon bindande kontrakt, og kor mange som avrår seg er ikkje kjent.

Tabell 1. Tilgang på nye studentar¹⁾ ved norske universitet og vit-skapelege høgskolar åra 1960, 1965 og 1970-1976.

F a g	IMMATRIKULERINGSÅR/OPPTAKSÅR								
	1960	1965	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976
Filologi	954	1 730	1 629	1 128	1 285	1 465	1 423	1 405	1 050
Teologi	61	83	21	37	16	29	32	32	41
Jus	213	436	434	378	597	615	631	629	733
Sosialøkonomi	81	187	86	78	89	71	55	49	
Psykologi	75	219	290	300	246	264	236	270	836
Pedagogikk	29	93	227	139	174	160	138	139	
Andre samfunnsfag	7	146	414	297	408	465	413	486	
Realfag og aktuarfag	610	993	831	833	872	853	827	958	982
Farmasi	30	36	40	40	40	40	40	40	40
Medisin grunnfag	-	-	-	-	-	7	-	24	1
Medisin	136	176	247	254	285	334	336	325	320
Ernæringsfag	-	-	16	16	16	16	16	16	16
Odontologi	50	94	123	126	128	130	132	128	131
Veterinærmedisin	20	32	35	37	36	35	38	35	37
Landbruksfag	90	131	187	193	213	218	217	216	219
Ingeniørfag	397	600	708	747	791	784	825	884	904
Arkitektfag	49	71	80	92	99	102	94	95	100
Siviløkonomi	61	180	236	226	225	230	241	254	254
Revisorfag	-	-	-	-	-	-	54	53	46
Fiskerifag	-	-	-	-	17	7	6	12	7
Idrettsfag	-	-	85	120	84	157	139	194	219
Examen philosophicum, uoppgitt fag, andre	43	241	1 619	3 189	3 069	3 287	3 519	3 698	3 678
S u m	2 906	5 448	7 308	8 230	8 690	9 269	9 412	9 942	9 614

- 1) Følgjande tilgangskriterier er nytta: For universiteta i Tromsø og Trondheim og for alle vitsskapelege høgskolar, samt for studia;farmasi, medisin, ernæring og odontologi ved universiteta i Bergen og Oslo: tal på studentar som er tatt opp og har tatt til med studiet; for dei andre faga ved universiteta i Bergen og Oslo: tal på studentar som er immatrikulerte og har meldt frå at dei skal studera.

Det er vanskeleg å trekkja greie slutningar om kva fag dei nye studentane har valt dei seinare åra, eller omendingar i noko viss lei, av di ein så stor del skriv "uvisst fag" på meldinga til immatrikulering.

Tala for tilgangen på norske studentar til studium i utlandet og kommentarane om studieplassar og søking til ulike studium i ulike land, byggjer på statistikk og opplysningar frå Statens lånekasse for utdanning.

Tabell 2 syner tilgangen på nye studentar dei seinare åra.

Tabell 2. Tilgangen på norske studentar ved utanlandske lærestader åra 1960-1976 etter fagstudium.

År	Arki- tekt- fag	Inge- niør- fag	Medi- sin	Odonto- logi	Handels- fag	Vete- rinær- medisin	Andre akadmiske studi	Sum
1960	17	230	116	67	75	-	-	505
1965	47	299	241	59	130	7	93	876
1970	63	170	161	27	114	21	41	597
1971	54	149	157	26	181	21	66	654
1972	55	107	141	12	162	19	48	544
1973	48	93	107	6	145	11	38	448
1974	24	64	97	4	178	14	103	484
1975	38	71	112	1	188	14	71	495
1976	26	72	128	3	173	13	129	544

Statistikken over norske utanlandsstudentar har ein tabell inndelt etter kva år studentane har tatt til med utanlandsstudiet. Denne tabellen syner at ein del studentar ikkje blir rekna med det første studieåret m.a. av di nokre søknader om støtte til studiefinansiering kjem så seint at desse studentane ikkje vert rekna med før i statistikken neste år. Statistikk siste året viser såleis at talet på dei som tok til med studium i 1975 var 10.5 prosent høgre enn i statistikken året før. Tabell 2 ovafor er no retta i høve til tidlegare publiserte tabellar over tilgang på norske studentar i utlandet. Truleg er tala for 1976 og for låge.

Det er såleis for tidleg, med dei data som ligg føre, å trekkja endelege slutningar om tilstrøyming av norske studentar til akademiske lærestader i utlandet i 1976. Det er visst at det i dei siste åtte-ni åra har vorte vanskelegare enn tidlegare for norske studentar å få studieplass i utlandet. Dette gjeld særleg for medisin, odontologi og veterinærmedisin.

I odontologi er det mangel på studieplassar i alle dei landa som til no har vore vanlege studieland for norske studentar. Lånkassen melder at det vart tatt opp berre tre studentar ved utanlandske lærestader til dette studiet det siste året.

Ved medisinstudiet har det og vorte vanskeleg å få studieplass i utlandet dei seinare åra. Det synest som somme land ikkje har endeleg avgjort korleis dei skal fara åt med omsyn til utanlandske søkjarar. Ved nederlandske universitet var det fleire år umogeleg for norske studentar å

bli tatt opp til medisinstudiet. Men frå hausten 1976 av vart det på nytt høve til å ta opp nokre få utanlandske søkjarar. Talet på norske studentar ved medisinstudiet i Danmark har auka dei seinare åra. Men no ser det ut til at medisinstudiet der i framtida vil vera lukka for norske studentar utan særleg tilknytning til Danmark. Tidlegare kunne alle som hadde tatt dansk studenteksamen byrja på medisinstudiet i Danmark. I Eire vart det i byrjinga av 1970-åra tatt opp omlag 20 norske studentar kvart år. Dei siste par åra har 12-15 norske studentar fått studieplass i Eire. På Island har dei andre nordiske landa ein kvote på fire studieplassar. Desse har dei seinare åra vore fylte av norske studentar.

Storbritannia og USA/Canada har sidan 1960-åra vore dei viktigaste studielanda for norske ingeniørstudentar i utlandet. I byrjinga av 1960-åra var det og relativt mange i Vest-Tyskland og Sveits. Det er framleis råd å bli tatt opp i Vest-Tyskland, og når talet på dei som har byrja ingeniørstudiet der dei seinare år har vore minkande, er årsaka meir studentane sine preferansar enn mangel på studieplassar. Ingeniørutdanninga i Vest-Tyskland tek monaleg lenger tid enn t.d. i Storbritannia og USA. Dette er kan hende ei medverkande årsak til at få nordmenn no tar til med ingeniørstudium i Vest-Tyskland.

Det er mogeleg for norske studentar å bli tatt opp både ved arkitektstudium og ved høgre merkantile studium i dei fleste aktuelle studieland. Men dei fleste arkitektstudentane som søkjer til utlandet reiser til Storbritannia - 85 prosent av tilgangen i 1976. I tida frå 1960 har over 70 prosent av tilgangen til arkitektstudium i utlandet gått til Storbritannia. Dei andre har delt seg på Vest-Tyskland, Austerrike og Sveits.

Når det gjeld norske studentar i handelsfag er det særleg Sverige som har gitt studieplassar til ein stor del av desse, men Sveits, USA/Canada og Vest-Tyskland har og tatt imot mange norske studentar. Elles er det helst Storbritannia og Danmark som er dei vanlege studielanda.

Sidan 1965 har det vore ein del veterinærmedisin-studentar som har tatt til med studier i utlandet. Vest-Tyskland og Nederland ser no ut til å vera dei einaste landa der det er råd for norske studentar å bli tatt opp. Tidlegare vart ein del veterinærstudentar tatt opp ved lærestader i Austerrike. Men frå og med hausten 1972 vert norske studentar ikkje lenger tatt opp der.

Men det er eit tydeleg skilje i denne tendensen frå og med artiumskullet 1968. For det første har studiefrekvensen i artiumsåret stige noko att, dessutan har og relativt fleire av artianarane byrja å studera både eit og fleire år etter examen artium. Såleis var studiefrekvensen for artianarane frå 1968, 1969 og 1970 kome opp i 45-46 etter tre år, medan den var på omlag 40 eller litt lågare for dei fire førre artiumskulla.

C. Alderen til studentane

Dei nye studentane har gjennomgåande vorte eldre og eldre dei seinare åra. Det same gjeld studentar totalt. Statistikk over studentane etter alder for åra 1968-1974 syner at den delen av dei nye studentane som var 25 år eller eldre har auka frå omlag 14 prosent av tilgangen i 1968 til omlag 24 prosent i 1974, og nye studentar i aldersgruppa 30 år eller eldre har auka frå 6 prosent i 1968 til nær 13 prosent i 1974. Av det samla talet på studentar auka prosentdelen som var 25 år eller eldre frå vel 30 prosent i 1968 til vel 41 prosent i 1974. Aldersgruppa som var 30 år eller eldre auka frå 6.8 til 12.6 prosent av det samla talet på studentar i denne tida.

I 1973 var 14 prosent av dei nye kvinnelege studentane 30 år eller eldre, mot berre 8 prosent av dei nye mannlege studentane. (Oppgåver for seinare år enn 1973 ligg ikkje føre.)

2. NORSKE STUDENTAR I ALT

A. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg

Hausten 1976 var talet på studentar ved universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg 40.159 - det er 125 færre enn året før. Det er første gongen sidan byrjinga av 1950-åra at talet på registrerte studentar i Noreg har minka frå eit år til det neste.

Tabell 4 syner at humanistiske fag framleis har mange fleir studentar enn noko anna fagområde, slik det og har vore heilt sidan tidleg i 1950-åra. Jamført med året før var det registrert 425 færre studentar i humanistiske fag i haustsemesteret 1976. Nedgangen i det samla talet på studentar i dette fagområdet er såleis større enn den nedgangen som er registrert i tilgangen på nye studentar siste året. Då det heller ikkje vart uteksaminert mange fleire kandidatar i desse faga i 1975 og vårsemesteret 1976 enn i 1974 og vårsemesteret 1975, kan det tyda på at fråfallet frå desse studium har vore noko større enn vanleg. Ein kan ikkje sjå bort frå at dei vanskelege arbeidsmarknads-tilhøva for filologar, som alt no er merkande, og dei heller dystre prognosene med omsyn til framtidsutsiktene for filologar kan ha verka inn på tilgangen til studiet og på fråfallet frå det.

Samfunnsvitskapelege fag er det nest største fagområdet etter inndelinga i tabell 4. Dette fagområdet har hatt ein eksplosjonsliknande utvikling av studenttalet sidan byrjinga av 1960-åra. I 1961 studerte 6.4 prosent av studentane i Noreg innan dette fagområdet, i 1966 13.4 prosent, i 1971 20.3 prosent. I 1976 hadde prosentdelen minka noko att - til 17.7 prosent. Dei fleste andre fagområde har samstundes fått minkande prosentdelar av det samla studenttalet. Jus er eit unntak her - i tida 1960-1968 studerte 6.5-7 prosent av studentane dette faget. Seinare har prosentdelen auka jamnt, og er no komen opp i 10.9 prosent. Auken kjem ikkje berre av at dette studiet vart etablert ved Universitetet i Bergen i 1971. Ved Universitetet i Oslo har prosentdelen av studentane som les jus og synt ein klår auke dei siste åra. I 1976 studerte 18.4 prosent av studentane ved Universitetet i Oslo jus, mot 12.5 prosent fem år tidlegare og 11.5 prosent ti år tidlegare. I motsetnad til tidlegare har det dei siste tre åra vore fleire studentar som les jus enn som studerer realfag ved Universitetet i Oslo. I denne samanheng bør det vel nemnast at jus og teologi er dei einaste studium ved Universitetet i Oslo som ikkje har avgrensa kor mange studentar som får ta til med studiet. Matematisk-naturvitskapelege fag ved dei akademiske lærestadene i Noreg under eitt har hatt ein klår relativ nedgang i studenttalet i heile den perioden som er omfatta av denne statistikken (1960 - 1976).

Den delen av studentane som ikkje spesifiserer fagstudium ved studentregistreringa har auka fra 4.4 prosent i 1970 til 9.6 prosent i 1976.

Tabell 5 syner det samla studenttalet i Noreg åra 1960, 1965 og 1970-1976 fordelt etter lærestad og studier.

Tabell 6 syner korleis studentane ved dei fire universiteta våre var fordelte på fakultet og avdeling i studiet åra 1973 - 1976. (Ingeniør- og arkitektstudentane ved Universitetet i Trondheim er ikkje med i tabellen.) Av dei omlag 28.200 studentane som var knytte til eit fakultet heldt omlag 7.300 - eller 25.9 prosent på med høgere avdeling. I 1973 var delen 21.6 prosent i høgere avdeling. Ein slik auke, som er gjennomgåande i alle studium, er einnaturleg konsekvens av at den kraftige auken i den årlege tilgangen på nye studentar no synest å ha stogga.

Tabell 4. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader etter fagområde haustsemestra 1961, 1965 og 1970-1976. Absolutte tal og prosentfordeling.

F a g o m r å d e		Samla tal på studentar i Noreg haustsemestra:								
		1961	1965	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976
Humanistiske fag	Abs.tal	3138	6184	8297	8469	8994	9865	10126	10232	9807
	Prosent	28.6	31.5	27.1	25.5	25.4	26.6	26.0	25.3	24.3
Teologi	Abs.tal	340	569	623	659	689	720	682	735	747
	Prosent	3.1	2.9	2.0	2.0	1.9	1.9	1.8	1.8	1.9
Jus	Abs.tal	767	1390	2480	2793	3224	3592	3905	4153	4419
	Prosent	7.0	7.1	8.1	8.4	9.1	9.7	10.0	10.3	10.9
Samfunnsvit- skapelege fag ¹⁾	Abs.tal	703	2456	6106	6759	6936	6987	7254	7208	7142
	Prosent	6.4	12.5	19.9	20.3	19.6	18.8	18.6	17.8	17.7
Matematisk- naturvit skapelege fag	Abs.tal	2387	4078	4396	4627	4800	4825	4693	4957	5092
	prosent	21.7	20.7	14.3	13.9	13.5	13.0	12.1	12.2	12.6
Human medisin ²⁾	Abs.tal	1157	1528	2426	2636	2808	2971	3035	3079	3103
	Prosent	10.5	7.8	7.9	7.9	7.9	8.0	7.8	7.6	7.7
Ingeniørfag	Abs.tal	1784	2400	3408	3409	3477	3522	3550	3650	3781
	Prosent	16.2	12.2	11.1	10.2	9.8	9.5	9.1	9.0	9.4
Arkitektfag	Abs.tal	234	351	456	476	498	541	504	514	532
	Prosent	2.1	1.8	1.5	1.4	1.4	1.5	1.3	1.3	1.3
Landbruksfag og veterinærmedisin	Abs.tal	437	546	717	758	820	845	852	1076	1048
	Prosent	4.0	2.8	2.3	2.3	2.3	2.3	2.2	2.7	2.6
Idrettsfag	Abs.tal	-	-	200	265	290	326	323	354	362
	Prosent	-	-	0.7	0.8	0.8	0.9	0.8	0.9	0.9
Andre og uspesi- fiserte fag ³⁾	Abs.tal	40	152	1552	2423	2893	2940	4012	4558	4343
	Prosent	0.4	0.8	5.1	7.3	8.2	7.9	10.3	11.3	10.8
S u m ⁴⁾	Abs.tal	10987	19654	30661	33274	35429	37134	38936	40516	40376
	Prosent	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.2	100.1

- 1) Samfunnsvitenskapelege fag omfattar her: Sosialøkonomi, sosiologi, statsvitenskap, psykologi, etnografi, pedagogikk, studia ved Norges Handelshøyskole og høgre sosionomutdanning.
- 2) Human medisin omfattar her: Medisin, odontologi, farmasi og medisinske fag ved Universitetet i Tromsø.
- 3) Omfattar pedagogisk seminar, ernæringsfag, fiskerifag, examen philosophicum og ukjent fag.
- 4) Nokre studentar ved Noregs Lærarhøgskole studere mer enn eit av dei fagområde som er nemnde i forspalten til tabellen. Summane i denne tabellen blir derfor litt for høge. Jfr. tabell 5.

Tabell 5. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader haustsemestra 1960, 1965 og 1970-1976 fordelt på lærestad og fag.

L æ r e s t a d F a g	Innskrivne studentar i haustsemestra etter fag:								
	1960	1965	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976
<u>Universitetet i Bergen</u>	963	2809	5790	6693	7240	7351	7556	7989	7898
Filologi	337	1225	1953	2239	2364	2414	2121	2306	2203
Teologi	8	34	61	50	45	35	-	-	
Jus	33	30	383	491	606	707	721	726	751
Psykologi	-	-	-	336	298	342	452	501	567
Samfunnsfag elles	-	23	849	775	959	972	819	899	959
Realfag	380	1011	1290	1349	1344	1246	1074	1137	1172
Medisin	190	289	460	530	608	627	671	662	657
Odontologi	-	161	258	257	264	248	248	242	235
Pedagogisk seminar	15	36	50	77	77	129	175	170	166
Examen philosophicum, uspesifisert fag	-	-	486	589	675	631	1275	1346	1188
<u>Universitetet i Oslo</u>	5600	11675	17185	18395	18868	19367	20160	20310	19963
Filologi	2006	4444	5551	5330	5567	5904	6133	5665	5380
Teologi	55	102	108	119	110	97	92	100	107
Jus	678	1360	2097	2302	2618	2885	3184	3427	3668
Sosialøkonomi	126	464	721	759	708	694	599	549	500
Pedagogikk	18	214	1142	1175	1152	1032	1048	916	839
Psykologi	180	618	884	979	827	769	756	710	755
Sosiologi	20	105	420	575	653	646	800	808	705
Statsvitenskap	69	241	346	337	340	345	344	367	389
Etnografi, sos.antropol.	1	22	73	80	116	136	164	168	186
Samfunnsfag, uspes.	-	190	418	403	328	357	263	229	140
Aktuarfag	23	21	5	4	9	11	12	17	22
Realfag	1530	2816	2803	2943	2968	2945	2877	3013	3029
Farmasi	103	146	153	161	164	181	195	195	211
Medisin	600	722	1133	1257	1328	1438	1413	1390	1351
Ernæring	-	-	41	36	36	36	44	41	49
Odontologi	191	210	422	431	440	417	412	393	409
Examen philosophicum, ukjent fagstudium	-	-	868	1504	1504	1474	1824	2322	2223
<u>Universitetet i Tromsø</u>	-	-	-	87	406	871	1065	1294	1371
Filologi				-	18	171	260	337	336
Samfunnsfag				-	61	103	146	146	139
Realfag				-	20	138	206	274	315
Medisin grunnfag				-	4	20	19	36	21
Medisin				-		40	77	121	158
Fiskerifag				-	17	23	32	47	57
Examen philosophicum				87	286	369	321	300	224
Praktisk ped. og uopp- gitt fag				-	-	7	4	33	121

(forts.)

Tabell 5. (fortsatt)

L æ r e s t a d F a g	Innskrivne studentar i haustsemestra etter fag:								
	1960	1965	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976
Universitetet i Trondheim	2120	3545	5057	5218	5846	6230	6686	7094	7297
Medisin	-	-	-	-	-	-	-	40	61
<u>Noregs lærarhøgskole¹⁾</u>	309	904	1373	1525	2061	2396	2823	3101	3148
Filologi	165	477	593	625	760	1055	1302	1550	1510
Musikk	-	38	49	50	54	78	92	80	75
Pedagogikk	33	106	206	265	300	366	420	477	468
Psykologi	-		39	33	76	108	111	136	162
Sosiologi+sosial- antropologi	-		14	42	55	66	97	108	133
Samfunnskunnskap	-		85	68	103	99	120	148	128
Realfag	74	230	298	331	459	485	524	516	554
Pedagogisk seminar	-		34	45	36	70	75	83	81
Andre, uspes. fag	49	62	70	93	261	201	262	216	236
Høgre sosionomutdanning	-	-	-	-	-	-	-	18	19
<u>Norges tekniske høgskole</u>	1811	2641	3684	3693	3785	3834	3863	3953	4088
Ingeniørfag		2400	3408	3409	3477	3522	3550	3650	3781
Arkitektfag		241	276	284	308	312	313	303	307
<u>Statens arkitekthøgskole</u>	23	110	180	192	190	229	191	211	225
<u>Menighetsfakultetet²⁾</u>	208	433	605	715	766	831	908	929	942
Teologi	208	433	454	490	534	588	590	635	640
Kristendomskunnskap	-	-	151	225	232	243	318	294	302
<u>Norges Handelshøyskole</u>	191	527	909	932	960	952	1015	1028	1053
Siviløkonomistudiet	185	526	878	891	889	866	882	885	919
Høgre avdelings studium	-	-	-	-	-	23	17	26	34
Høgre revisor studium	-	-	-	-	-	-	46	63	61
Handelslærerstudiet	6	1	31	41	71	63	70	54	39
<u>Norges veterinærhøgskole</u>	152	173	207	217	220	225	226	239	217
<u>Norges landbrukshøgskole</u>	259	373	510	541	600	620	626	837	831
<u>Norges Idrettshøgskole</u>	-	-	200	265	290	326	323	353	362
Samla tal på studentar ved norske lærestader	9516	19645	30643	33255	35386	37002	38756	40284	40159

1) Talet på studentar ved Lærarhøgskolen er noko lågare enn summen av alle fag fordi nokre studentar studerer meir enn eit av dei faga som er lista i forspalta.


2) Ein del av studentane i kristendomskunnskap ved Menighetsfakultetet er truleg og registrerte ved Universitetet i Oslo.

Tabell 6. Registrerte studentar ved universiteta i Bergen, Oslo, Tromsø og Trondheim etter fakultet¹⁾ og avdeling i haustsemestra 1973-1976.

Fakultet ¹⁾		Tal på registrerte studentar				Prosentdel i høgere avdeling			
		1973	1974	1975	1976	1973	1974	1975	1976
Teologisk fakultet	1. avdeling	88	52	35	34	21.2	29.3	32.0	35.5
	2. avdeling	28	27	32	38				
	Ex.philos., andre	16	12	33	34				
	Ukjent	-	1	-	1				
Juridisk fakultet	1. avdeling	1131	1172	1153	1266	19.1	21.6	23.9	24.5
	2. avdeling	1232	1378	1517	1615				
	3. avdeling	684	843	992	1084				
	Ex.philos., andre	542	497	484	453				
	Ukjent	3	15	7	1				
Samfunns- vitskapeleg fakultet	Lågare grad	4139	4346	4186	4311	21.8	23.1	24.8	24.5
	Høgare grad	1315	1416	1471	1493				
	Ex.philos., andre	338	330	254	172				
	Ukjent	243	47	29	113				
Historisk- filosofisk fakultet	Lågare grad	7214	7253	7366	6983	16.4	17.6	20.0	21.8
	Høgare grad	1578	1744	2002	2070				
	Ex.philos., andre	642	793	543	419				
	Ukjent	188	118	97	32				
Matematisk- naturvit- skapeleg fakultet	Lågare grad	3786	3700	3826	3900	20.7	21.9	22.9	24.1
	Høgare grad	1035	1070	1180	1277				
	Ex.philos., andre ²⁾	159	91	131	110				
	Ukjent	26	27	14	16				
Medisinsk fakultet ³⁾	Preklinisk avdeling	810	859	865	832	47.3	48.0	50.3	51.2
	Klinisk avdeling ⁴⁾	1003	1030	1094	1096				
	Ex.philos., andre ⁴⁾	306	255	216	166				
	Ukjent	2	3	2	45				
Odontologisk fakultet	1. avdeling	247	244	244	251	35.8	36.8	38.3	37.1
	2. avdeling	136	123	126	115				
	3. avdeling	238	243	243	239				
	Ex.philos., andre ⁵⁾	37	50	21	37				
	Ukjent	7	-	1	2				
I høgare avdeling		5881	6373	7014	7297	21.7	23.0	24.9	25.9
Utan tilknytning til fakultet ⁶⁾		2904	3968	4517	4296				
S u m		30077	31707	32681	32501	19.6	20.1	21.5	22.5

- 1) Studentane er i denne tabellen grupperte etter studium under det fakultet dei ville høyrte til ved Universitetet i Oslo.
- 2) Inklusive alle aktuarstudentar.
- 3) Medisinstudentane ved universitetet i Tromsø er ikkje medrekna, av di studiet ved denne lærestaden ikkje er inndelt i ein klinisk og ein preklinisk del.
- 4) Inklusive studentane ved ernæringslinja, studentar som tar tilleggsprøve for utanlandsmedisinaren, og studentar ved medisin grunnfag.
- 5) Inklusive studentar som tar tilleggsprøver for utanlandsodontologar.
- 6) Omfattar studentar med ukjent studium, studentar som berre har oppgitt examen philosophicum, fiskerifag-studentar og studentar ved pedagogisk seminar.

Figur I. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader
åra 1945-1976.



B. Studium i utlandetTabell 7. Samla tal på norske studentar ved utanlandske lærestader åra 1960, 1965 og 1970 - 1976, etter på studium.¹⁾

Studium	Norske studentar i utlandet								
	1960	1965	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976
Arkitektfag	93	130	256	261	265	254	245	220	202
Ingeniørfag	1129	1117	834	716	630	599	472	402	339
Medisin	836	1175	1193	1056	987	921	812	745	738
Odontologi	484	338	195	127	99	83	65	50	45
Veterinær- medisin	-	20	83	103	110	99	90	82	88
Handelsfag	225	399	472	496	578	638	679	757	808
Andre fag	53	122	232	231	363	220	269	231	318
S u m	2820	3301	3265	2990	3032	2814	2632	2487	2538

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning. Denne statistikken er basert på studentar som søker om ei eller anna form for studiestønad frå Lånekassen - dvs. lån, stipend, gebyrstipend, etc.

Tabell 7 syner at talet på utanlandsstudentar kulminerte i midten av 1960-åra. Seinare har talet stort sett vore minkande frå år til år.

Tala i tabellen ovafor er truleg noko for låge, av di studentar som ikkje søker nokonform for studiestønad frå Lånekassen ikkje er inkluderte, (sjå og kommentarane på side 13 om nye studentar ved utanlandske lærestader).

Til dømes vil studentar som tidlegare har fått økonomisk stønad frå Lånekassen, men som ikkje har fullført studia innan "rimeleg" tid, ikkje lenger få nokon stønad og kan hende heller ikkje søkja om dette og dermed heller ikkje verta med i statistikken. Studentar som før er registrerte ved akademisk lærestad i Noreg, men som tar ein mindre del av studiet sitt ved utanlandsk lærestad er heller ikkje rekna med blant utanlandsstudentane.

Figur II er ei grafisk framstilling av det samla talet på studentar innafør kvart fagområde ved norske og utanlandske lærestader i tida frå 1961 til 1976. Det som særleg slår ein er den sterke auken i humanistiske og samfunnsvitskapelege fag.

1) Studium som ikkje vert rekna mellom dei akademiske ved norske lærestader er heller ikkje inkluderte her.

C. Talet på norske studentar i alt

Tabell 8 syner talet på norske studentar åra 1956 - 1976 ved norske og ved utanlandske universitet og vitskapelege høgskolar.


Tabell 8. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader og norske studentar ved utanlandske lærestader åra 1956 - 1976.

År	Studentar i Noreg ¹⁾	Norske studentar i utlandet	Norske studentar i alt ¹⁾
1956/57	5 990	2 575	8 565
1960/61	9 510	2 820	12 330
1965/66	19 644	3 301	22 945
1966/67	21 392	3 656	25 048
1967/68	22 559	3 621	26 180
1968/69	24 780	3 613	28 393
1969/70	27 469	3 389	30 858
1970/71	30 461	3 265	33 726
1971/72	32 989	2 990	35 979
1972/73	35 083	3 032	38 115
1973/74	36 696	2 814	39 510
1974/75	38 756	2 632	41 388
1975/76	40 284	2 487	42 771
1976/77	40 159	2 538	42 697

